

HAUGATUN

Like ved riksvegen på Bru ligg eit stort, velproporsjonert bygg med klassiske trekk; av storleik mest som ei kyrkje å sjå til, med våpenhus og takryttar, men utan tårn. Det er HAUGATUN, Strandebarm ungdomshus; teikna av arkitekt TORGEIR ALVSAKER i 1927 og ferdig i 1929.

Mellomkrigstida var ein rik periode for ungdomslagsrørsla, og mange ungdomslag bygde seg egne store og flotte hus i denne tida. Berre i Hardanger vart det i perioden 1925–40 bygt 8 ungdomshus, teikna av Torgeir Alvsaker. Felles for alle er ei langstrekt og høgreist form, bratt, skifer-tekt med svai saltak og ein liten takryttar, inngang i gavlen under eit lågare tak og eit kort, høgreist tverrbygg i andre enden; ein «basilika»-modell.

Alvsaker sine ungdomshus må karakteriserast som nyklassiske med nasjonale overtonar; eit klart uttrykk for ungdomslagsrørsla sin nasjonale ideologi. Også JOHAN LINDSTRØM og MAGNUS DAGESTAD på Voss teikna fleire nyklassiske ungdomshus, som vart modell for byggmeisterutforma ungdomshus andre stader.

Som eit framifrå eksempel på nyklassistisk arkitektur er Haugatun freda.

**HANS E. KINCK OG STRANDEBARM**

Frå loftsglasert sitt i doktergarden på TANGARÅS hadde den unge HANS ERNST KINCK utsyn til fjorden og Maurangerfjella. Fjordbygdene på Vestlandet gjorde eit sterkt inntrykk på ungguten då familien flytta frå Setesdal, frå «balladens lumre mystik», til Strandebarm i 1876. Den nye distriktslækjaren kjøpte den gamle kapteinsgarden på Tangarås, som ei tid hadde vore militær sjefsgard etter Håbrekke lenger inne i bygda.



Tangarås då Kinck-familien budde her.

THEODOR KINCK utvida det huset som stod på Tangarås då han kom dit, og bygde det om i sveitserstil; truleg ein av dei tidlegaste sveitserstilbygningane på Vestlandet. På kvistrommet hadde Hans Ernst tilhaldsstaden sin dei åra han budde heime før han reiste ut for å studera, og seinare i mange somrar. Dei finskorne og presise observasjonane hans av bygdene og folket finn vi i boka «Steder og folk» (1924), som til fulle viser Hans E. Kincks meisterskap; ein finslippt stilist og ein skarp iaktttakar. Det er vel nettopp denne sida ved han som fall folk så tungt for brystet. Alt i dei første bøkene, «Huldren. Et Vestlandsbillede» og «Ungt folk» fann bygdefolket lett att-

kjennande modellar, og i «Sneskavlen brast» vandra dei levande omkring. Novella «Den nye kapellanden» er for all tid vorte eit usminka, nesten parodisk nærbilette av nyfikne og forvitenskap i lokalsamfunnet. Men bygdefolket kjende seg spotta og uthengde og hadde ikkje syn for kosmopolitten og europearen Hans E. Kinck.

I dag er dokterbustaden på Tangarås prega av dei som seinare har budd her: bonden og treskjeraren JOHANNES TVEDT – ein elev av Lars Kinsarvik – og kunstnarekteparet FRIDA og OLA RUSTI. Embetsmannsbustaden, med eldhus og ei 1700-tals bu i tunet, formar ein fin heilskap med eikeskog like ved og alm og kastanje – eit gammalt kulturmiljø. □

BÅTBYGGING I STRANDEBARM

Attåttnæring i tillegg til gardsdrifta har lange tradisjonar i Strandebarm, og handverksnæringane har stått sterkt i dei fleste bygdene. Den viktigaste har truleg vore båtbygginga, som har gjort bygda kjend over heile landet. Fartøybygginga og båtbygginga i området heng truleg saman med rik tilgang på byggjevyrke. I Strandebarm var det gode skogsbygder på 1500- og 1600-talet, og dei eldste sagbruca er nemnde i 1563. Det er lite som har endra seg når det gjeld byggjemåten for tradisjonelle småbåtar frå vikingtida til i dag. Eit prov for desse tradisjonane er dei mange båtgravene arkeologane har funne på Vestlandet. Dette viser ein tusenårig tradisjon for denne byggjemåten i regionen. «Strandebarmaren», som vart eit vidkjent produkt frå desse bygdene på 1900-talet, er ein litt kraftigare småbåt enn «oselvaren», med smalare bordgangar (①233).

I mellomkrigstida var det mellom 100 og 130 båtbyggjarar i Strandebarm. Desse utgjorde om lag ein fjerdepart av yrkesaktive menn i kommunen. I einssilde folketeljingskrinsar utgjorde båtbyggjarane over halvparten av dei yrkesaktive. Dette var tilfelle på Omastrand i 1930. Det var i dette båtbyggjarmiljøet at FJELLSTRAND BÅTBYGGERI vart etablert i ei krisetid og voks raskt utover i 1930-åra. Det starta med produksjon av småbåtar og motorbåtar og heldt fram i midten av 1930-åra med serieproduksjon av liubåtar; mellom dei første i landet. I etterkrigstida utvikla båtbyggjeriet seg til ei storbedrift, og er i dag ei leiande verksemd når det gjeld produksjon av snøggbåtar og supplybåtar i aluminium og stål.



Båtbyggjar Magnus Tjå prøvar stabiliteten på den nybygde færingen.